

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 16.10.2014

Vår ref.: 201403238-3

Arkiv: 313 /044.4

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Dåfjorden Klekkeri AS - søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna i Stord kommune, Hordaland - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Dåfjorden Klekkeri AS, datert 09.10.2014, om løyve til regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna i Stord kommune.

Dåfjorden Klekkeri AS søker om løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna til produksjon av yngel og smolt. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 1 m³/min (17 l/s). Det vert og søkt om å regulere Øvre Petarteigsvatnet mellom kote 41 (LRV) og kote 42 (HRV), og Nedre Petarteigsvatnet mellom kote 39 (LRV) og kote 40 (HRV). Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er etablert. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 35 l/s.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Reidar Aksnes på tlf. 53 49 33 11 eller e-post: reidar@aksnes.com.

Vi ber Stord kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Leirvik fram til **28.11.2014**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **28.11.2014**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: 3 Søknader til kommunen
Informasjonsark
Kunngjeringstekst

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftsrådet Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Kystverket
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund v/NJFF Hordaland
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland
Stord kommune
Stord-Fitjar turlag

Kopi:

Dåfjorden Klekkeri as